

**Fra:** Øyvind Hatleli  
**Sendt:** 30. oktober 2014 12:48  
**Til:** 'Ole Johan Ingebrigtsen'  
**Emne:** Sæbø skogsbilveg

Viser til din henvendelse med omsyn på steinmur langs den planlagde traseen til skogsbilvegen på Sæbø. Kommunen var på synfaring på staden 28.10.2014. Sjølve muren er i dårleg stand og rasa ned over store deler. Steingarden er smal og vaklevoren og vil trenge uforholdsmessig mykje vedlikehald for verte ivaretatt. Den ligg kloss i den gamle vegen som skal utbetrast og det vil vera ein fordel for både slåtteearealet på nedsida og for vegen dersom muren vert erstatta med ei vegfylling

Fylkeskommunen skriv i sitt brev av 12.april 2013. at ein «skal søkje å unngå inngrep i kulturlandskapstrekk som steingardar...»

Omsynet til den praktiske gjennomføringa av vegbygginga, og dei positive effektane dette vil få for det dyrka arealet på garden gjer at ein kan akseptere å fjerne steingarden. Dette er også grunna i at steingarden er falleferdig og ikkje utgjør eit viktig preg i kulturlandskapet på garden i den stand den er i. Det skal søkjast å gjere inngrepet i terrenget så lite som mogleg for å bevare heilheiten i kulturlandskapet. Vegfyllinga skal utformast med omsyn på slåtteearealet på nedsida.

Med helsing

Øyvind Hatleli  
*Spesialkonsulent*  
*Felles landbrukskontor Austrheim, Fedje og Radøy*

*Tlf: 56349068, 97986514*